


Fra: Helge Fimland <helge@fimland.net>
Sendt: mandag 22. august 2022 20:40
Til: Postmottak Alver
Kopi: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: SV: Sak 21/5445 - 22/60134 Kommentar til innsendt klage
Vedlegg: SV: Slipp på Hodneland; Vedlegg 2 Bekreftelse Arvid Hodneland.jpg; Re: Slipp på Hodneland; SV: Slipp på Hodneland; VS: Slipp på Hodneland; Re: Slipp på Hodneland

Til Alver kommune, Miljø og tilsyn

Me reagerer svært sterkt på ordlyden og påstandane i innsendt klage. At me skal ha forledda kommunen og Utvalet for areal, plan og miljø med uriktige opplysningar, er noko me tar sterk avstand frå !

Mykje av det som står i klagen er uriktig, er ustrukturert og sjølvmotseiande. Me ser ingen verdi i å kommentere den, bortsett frå punkt 1.5 som ikkje kan stå uimotsagt:

Klagarane har lagt med eit vedlegg i sin klage: **40_112_bilder av område år 2022 måling_sladdet** , der dei hevdar at begge nausta har stått på same linje. (dette vert vist ved hjelp av ein paraply)
Dette er for så vidt riktig, men det vert heilt feil å bruke dette som argument.
Årsaka til det er at naustet til 40/2 har vært reve ned og nye grunnmurar er murt opp ca 1 meter lenger inn på land, før nytt naust vart bygga opp igjen. Dette er gjort utan nabovarsling eller tiltakssøknad.
Dette kan på ein enkel måte verifiserast ved hjelp av historiske bilder på Finn kart, 1881, Norgebilder etc.



Ytterste
betong
søyle til
klagar
sitt
naust.

Ca.
plassering
der naustet
til 40/2 sto
før,
markert i
blått



Her sto
nauset til
40/2 før
det vart
flytta ca 1
meter inn
på land

Her sto
klagar sitt
naust



Dersom nauset til 40/2 hadde stått på sin opprinnelege (gamle) plass, ville den linja passa direkte på den hjørnesøyla som står igjen ute i sjøen etter nauset til klagarane. Og det var slik nauset og slippen, hadde sin plass i støa før i tida !

bilde) (klagar sitt bilde)

(klagar sitt





Det å bruke eit naust, som er flytta i forhold til gammel plassering som "sannhets vitne" i dag, opplever ikkje me som greitt !

Her er eit bilde frå byrjinga av 1980 talet, som viser vinsjen og den eine slippskinna.

Her er eit bilde som viser båt på slippet, men som også viser nordre

betong søyle til klagar sitt naust.



Vinsj

Den
nord'ste
slipp skinna



Ingen med "sine fulle fem" tar opp ein så stor båt på rullestokkar !

Me står inne for at, den informasjonen me har gitt til Alver Kommune og Utvalet for areal plan og miljø i denne saka, er sannferdige og at det har lagt slippskinner der dei ligg i dag. I den forbindelse har me henta inn fleire vitner og ynskjer å vise til nokre av dei her, i form av vedlegg:

- Vedlegg 1. Bekreftelse frå Kjell-Åge Myrmel, som var den som skreiv/inngjekk den tinglyste avtalen med grunneigar om slippen den 22.08.94.
- Vedlegg 2. Bekreftelse frå Arvid Hodneland som er født i 1944. Han vaks opp på nabo bruket til 40/2 og kjenner godt til området/slippen, samt bruken av den.
- Vedlegg 3. Bekreftelse frå Agnar Lindseth som har brukt dei to nærmaste hyttene sidan 1978.
- Vedlegg 4. Bekreftelse frå Elfrid Næss Lindseth.

- Vedlegg 5. Bekreftelse frå Pål Arnt Stuhr Henriksen som har hatt hytte like ved slippen sida 1968.
- Vedlegg 6. Bekreftelse frå Per Kristian Teige som har hatt hytte like ved slippen sida 1966/67.
- I tillegg ynskjer me å vise til Madeleine Fonnes Aase. Madeleine var i kontakt med eit vitne om plassering av slippen i forbindelse med saka ho arbeida med og det er fullt mogleg å kontakte dette vitnet på nytt.

Me håpar dette kan vera med på klargjera kva som er fakta i denne saka, og at Alver Kommune no har eit godt nok grunnlag til å fatta sitt vedtak.

Dersom noko av det over her skulle vera uklart, ver snill å ta kontakt.

Helsing

Helge Fimland (S) og Magnar Skauge (S)

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.
Thank you